

**Trym Aafløy**, representant for Folkeaksjonen Nei til meir bompengar, har sendt spørsmål til møtet i SAMO 4. november 2020. I e-post dagsett 31. oktober skriv han:

**Kong Oscarsgate - beboerinitiert Lyssetting.**

Hva er gjort her for å finne løsningsalternativ som kan oppfylle fylkets krav og samtidig gi en dekkbelysning som initiativtakerne kan være fornøyd med?

Svar frå fylkesdirektøren

Spørsmålet her gjeld søknad frå MK Illumination AS om installering av ein mellombels lysdekorasjon i nordvestre delar av fv. 5340 Kong Oscars gate i Bergen sentrum. Ønsket var å ha oppe lysdekorasjonen frå november og ut januar månad. Søknaden vart mottatt 9. oktober. Svarbrev med avslag vart sendt 26. oktober. Avslaget er grunngjeve i omfanget av lyssettinga, kombinert med miljøgateutforminga av Kong Oscars gate.

Fylkesdirektøren har i nytt brev (dagsett 2. november) formidla til søkjar at dei er velkomne til å senda ny søknad med eit redusert omfang av lysdekorasjonen og tilpassa den trafikale situasjonen. Vidare har fylkesdirektøren invitert til og oppretta dialog med søkjar i forkant av ny søknad. Med det legg fylkesdirektøren til grunn at det skal vera mogleg å einast med initiativtakarane om eit opplegg for lysdekorasjon i gata.

Fylkesdirektøren syner elles til svar på spørsmål frå Høgli (MDG) om same tema.